STATSBYGG

BØ KOMMUNE

Høgskolen i Telemark



Campusutviklingsplan for Høgskolen i Telemark, studiestad Bø

høsten 2014



FORORD

Konkurransen om studentar og høgt kvalifisert arbeidskraft er sterkt aukande. Høgskolen i Telemark er opptatt av å møte desse utfordringane på ein positiv måte og med ulike verkemiddel. Satsing på e-læring, entreprenørskap og samfunnsansvar er noen strategiske grep høgskulen har tatt for å møte denne konkurransen.

Eit anna viktig grep for å møte konkurransen, er å vidareutvikle campus med tanke på fysiske og bygningsmessige kvalitetar, læringsmessige tilbod og kulturelle aktivitetar på og i nærleiken av campus. I tillegg ønskjer høgskulen å utvikle sterkare samarbeidsrelasjonar og koplingar med kommunar og næringsliv, slik at vi saman kan stå sterkare i den nasjonale og internasjonale konkurransen. Det er eit mål for høgskulen å styrke Campus Bø som ein attraktiv studiestad og som arbeidsplass for framtida, og å utvikle høgskulen sine aktivitetar i eit tett samspel med samfunnet omkring.

Utviklingsplanen for Campus Bø er eit samarbeidsprosjekt mellom Høgskolen i Telemark, Bø kommune, Statsbygg, Telemarksforsking/Telemark kompetansebygg AS , Studentsamskipnaden i Telemark (SiTel) m. fl. Eg vil rette ein særskilt takk til Bø kommune, som har vore ein viktig initiativtakar og bidragsyter i prosessen med utviklingsplanen for Campus Bø.

Campusutviklingsplanen er ein del av Statsbygg sitt prosjekt «Campusutvikling», som m.a. har fokusert på korleis det kan lagast utviklingsplanar for universitets -og høgskulesektoren saman med ulike offentlege og private aktørar. Rapporten endar opp med å foreslå ei rekke konkrete tiltak som skal vere med på å realisere målsettingar og dei gode ideane som har kome fram i arbeidet med planen. Eg vil også understreke at prosessen har hatt ein stor verdi i seg sjølv. Den har ført til eit nærare forhold mellom ulike personar og aktørar, og eg håpar og trur at dette vil føre til betre kontakt og tettare relasjonar i tida framover.

Arbeidet med utviklingsplanen har vore både interessant og krevjande. På vegner av Høgskolen i Telemark rettast det difor ein stor takk til dei involverte i prosessen. Eg ser fram til den vidare utviklinga av Campus Bø i tett samspel med våre samarbeidspartnarar.

Porsgrunn, august 2014

_____

John W. Viflot
Direktør Høgskolen i Telemark

SAMANDRAG 5
1 INNLEIING 6
1.1 Bakgrunn 6
1.2 Prosess og organisering 7
2 HØGSKOLEN I TELEMARK 8
2.1 Studiestad Bø 9
3 BESKRIVELSE AV DAGENS SITUASJON 9
3.1 Byplanmessige forhold 9
3.2 Infrastruktur og mobilitet 13
3.3 Fysiske/funksjonelle forhold 16
3.4 Sosiale og kulturelle forhold 18
3.5 Studentar/tilsette/studietilbod/Fag 20
4 MULIGHEiTSSTUDIE AV CAMPUSOMRÅDET 23
5 MORGONDAGENS CAMPUS 24
5.1 Målsettingar 24
5.2 Byplanmessige forhold 25
5.3 Infrastruktur og mobilitet 25
5.4 Fysiske og funksjonelle forhold 28
5.5 Sosiale og kulturelle forhold 29
5.6 Studentar/tilsette/studietilbod/Fag 31
5.7 Næringsutvikling knytt til høgskulen 31
6 TILTAK 33
6.1 Byplanmessige forhold 33
6.2 infrastruktur og mobilitet 33
6.3 Fysiske og funksjonelle forhold 34
6.4 Sosiale og kulturelle forhold 35
6.5 Studentar/tilsette/studietilbod/fag 36
6.6 Næringsutvikling knytt til høgskulen 36
7 UTRYKTE VEDLEGG 37

UTVIKLINGSPLAN FOR CAMPUS BØ

Målsettinga med utviklingsplanen er å styrke Campus Bø som ein attraktiv studiestad og arbeidsplass for framtida - og å utvikle høgskulen sine aktivitetar i eit tett samspel med samfunnet omkring. Planen skal sikre arealeffektiv og berekraftig utnytting av campus, og slik legge til rette for at høgskulen og andre verksemder kan utvikle seg vidare. Det er også ei målsetting med planen å stimulere til auka samarbeid mellom høgskulen og næringslivet lokalt og regionalt.

SAMANDRAG

Utviklingsplan for Campus Bø har blitt til gjennom eit samarbeid mellom Høgskolen i Telemark (HiT), Statsbygg, Bø kommune, Studentsamskipnaden i Telemark (SiTel), Telemark fylkeskommune og Telemarksforsking/Telemark kompetansebygg AS . Andre offentlege og private aktørar innanfor campusområdet har også bidrege i dei to arbeidsgruppene som har utarbeidd grunnlaget for denne planen.

Høgskolen i Telemark har om lag 6 500 studentar fordelt på fire studiestader (Porsgrunn, Notodden, Bø og Rauland). Av desse har om lag 2 200 studentar vore knytt til studiestad Bø dei siste åra. Fakultetet i Bø har om lag 60 studietilbod, (års-, bachelor-, master- og doktorgradsstudium) innan fagområda idrett og friluftsliv, kultur og humaniora, økonomi, reiseliv, innovasjon, eigedomsmekling, turisme, revisjon, informatikk samt natur og miljø.

Campus Bø ligg tett på Bø sentrum og har i dag ei rekke funksjonar som bygger opp under ein attraktiv campus. Både studentkro, barnehagar, studentbustader, kulturanlegg, kompetansebasert næringsliv og hotell er allereie etablert på campus.

Målsettinga med utviklingsplanen er å styrke Campus Bø som ein attraktiv studiestad og arbeidsplass for framtida og å utvikle høgskulen sine aktivitetar i eit tett samspel med samfunnet omkring. Planen skal sikre arealeffektiv og berekraftig utnytting av campus - og gi høgskulen og andre verksemder høve til vidare utvikling. Det er også ei målsetting med planarbeidet å legge til rette for auka samarbeid mellom høgskulen og næringslivet lokalt og regionalt.

Planarbeidet har avdekka at dei ulike aktørane har samanfallande interesser og målsettingar for utviklinga av studiestad Bø. Offentlege og private aktørar er gjensidig avhengige av kvarandre, og ein attraktiv campus er avgjerande for vidare vekst og utvikling for alle partar.

Med utgangspunkt i nå-situasjonen på følgjande felt og område, er det lista opp tiltak som skal bidra til å nå målsettingane:

- Byplanmessige forhold
- Infrastruktur og mobilitet
- Fysiske og funksjonelle forhold
- Sosiale og kulturelle forhold
- Studentar/tilsette/studietilbod/fag
- Næringsutvikling knytt til høgskulen


Planen konkluderer med at ansvar for gjennomføring av tiltak bør bli fordelt på fleire av aktørane på campus. Ansvar for gjennomføring er oppført under kvart tiltak. Eit svært sentralt tiltak som blir foreslått i planen er utarbeiding av ein områdereguleringsplan for campus. Områdereguleringsplanen skal legge til rette for fortetting og styrking og utvikling av funksjonar som bygger opp under Høgskolen i Telemark. I campusplanen er fortettingspotensialet visualisert i ein 3D-modell, som syner at campus har eit stort potensiale for fortetting.

1 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN

Bø kommune tok i april 2013 eit initiativ overfor Høgskolen i Telemark, Statsbygg, Telemarksforsking /Telemark kompetansebygg AS og Studentsamskipnaden i Telemark (SiTel) for å drøfte behovet for ein plan for campusutvikling. Det blei sett ned ei arbeidsgruppe som gjennomførte ein forstudie for ein campusplan, sjå vedlegg 5.

Campus Bø ligg i den moderne tettstaden Bø sentrum, tett på kollektivknutepunktet Bø stasjon og stamveg mellom aust og vest, Rv 36.



Figur 1 Kart som viser plassering av campus i Bø

Innanfor campus er det i tillegg til høgskulen, etablert studentkro, studentbustader, tre barnehagar og regionalt og lokalt viktige aktørar som Gullbring Kulturanlegg AS AS, Telemarksforsking/Telemark kompetansebygg AS og Bø hotell AS. Bø kommunale eigedomsselskap AS eig eit kontorbygg nord for campus der m.a. teknisk eining i Bø kommune er lokalisert.

Krav som stillast til framtidas universitet og høgskular blir drive fram av endringar i synet på kunnskap, korleis forsking skjer, endra pedagogikk, ny teknologi og auka vekt på campus som drivkraft til stad- og byutvikling i kunnskapsøkonomien. Konkurransen om studentar og kompetanse er aukande, og det vil i framtida bli lagt aukande vekt på tilbodet ved den enkelte campus,- både fysiske og bygningsmessige kvalitetar, læringsmessige tilbod og kulturelle aktivitetar på og i nærleik av campus.

Alle behov kan ikkje tilfredstillast innanfor kvart enkelt campusområde – korleis campus orienterer seg til samfunnet omkring er difor av vesentleg betyding. Ein fortetta campus lokalisert i sentrum,


med urbane kvalitetar og nærleik til næringsverksemder, studentbustader, kollektivtransport, - og med god tilrettelegging for gåande og syklande, idrettsaktivitet, friluftsliv og kulturtilbod – er den optimale løysinga for å utvikle ein attraktiv studiestad. Studieporteføljen, sterke fagmiljø og nærleik til det meste, er kvalitetar ved fakultetet i Bø i dag. Utgangspunktet er med andre ord, svært godt!



Figur 2 Geografisk avgrensing av Campus

1.2 PROSESS OG ORGANISERING

Forutan vertskommunen Bø, Høgskolen i Telemark og Statsbygg, har aktørar frå privat og offentlig sektor deltatt i planarbeidet. Prosjektet har hatt ei styringsgruppe sett saman av representantar frå Bø kommune, Høgskolen i Telemark, SiTel, Statsbygg, Telemark fylkeskommune og Telemarksforsking / Telemark kompetansebygg AS. Prosjektet har vore organisert i to arbeidsgrupper. Fokus for arbeidsgruppe 1 har vore "høgskulen internt/fysisk læringsmiljø", og for arbeidsgruppe 2 "næringsliv, offentlig forvaltningsmiljø og lokalmiljø". Dette samsvarer i hovudsak med dei anbefalingar som Statsbygg har gjort i tilsvarande prosjekt på andre høgskular. Faglege og læringsmessige forhold er ikkje inkludert i dette prosjektet. Forutan arbeidet i dei respektive gruppene, har det vore gjennomført fellessamling der styringsgruppa, prosjektleiinga og leiarane av dei to arbeidsgruppene har deltatt.



Figur 3 Prosjektorganisering og struktur

2 HØGSKOLEN I TELEMARK

Høgskolen i Telemark (HiT) er den fjerde største av dei 23 statlege høgskulane med ca. 6.500 studentar. Høgskulen har studiestader i Porsgrunn, Notodden, Bø og Rauland, og er ein av høgskulane i landet med breiast studieporteføljе. Universitets- og høgskulesektoren er i stadig endring. I juni 2014 blei det klart at fusjon med Universitetet i Agder ikkje er aktuelt. HiT har ikkje tatt endeleg stilling til om dei skal utvikle universitetsfunksjonane aleine eller i samarbeid med andre høgskular/universitet. Ei utvikling mot universitet vil styrke studietilbodet og ikkje minst forskingsinnsatsen i Telemark.

Høgskolen i Telemark har 4 studiestader:

Bø	Fakultet for allmennvitskaplege fag
Porsgrunn	Fellesadministrasjon
	Fakultet for helse- og sosialfag
	Fakultet for teknologiske fag

	Fakultet for allmennvitskaplege fag
	Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning
Notodden	Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning
Rauland	Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning

Statsbygg eig bygningsmassen på alle studiestadene.

2.1 STUDIESTAD BØ

Høgskulen sin studiestad i Bø har bakgrunn i ein økonomisk/administrativ faghøgskule frå 1968 som starta opp i Skien. Stortinget vedtok etablering av Telemark distriktshøgskole i Bø i 1970. Frå og med 1971 har det vore studentar på høgare utdanning i Bø. Ein stadig vekst i studietilbod og studentar førte med seg at skulen flytta rundt i fleire lokale i Bø, før den i 1994 blei etablert på dagens tomt, samstundes som Gullbring Kulturanlegg AS blei bygd på nabotomta.

Studiestaden har i dag over 60 studietilbod, (års-, bachelor-, master- og doktorgradsstudium) innan fagområda idrett og friluftsliv, kultur- og humaniora, økonomi, reiseliv, innovasjon, eigedomsmekling, turisme, revisjon, informatikk samt natur og miljø.

Faktaopplysningar

Tal studentar knytt til AF:	**ca. 2200**
Tal studentar på campus:	ca. 1 850 (av desse omlag 170 master- og 30 PhD-studentar samt 90 internasjonale studentar)
Tal tilsette:	ca. 170 (av desse om lag 120 vitskapleg tilsette)
Areal :	15 642 m2
Tot opparbeidd areal:	73 800 m2 (inklusiv idrettsanlegg og tomt for kro-bygg)
Leigekontrakt:	Kontrakt med Statsbygg ut 2024
Organisering:	Fakultet for allmennvitskaplege fag

3 BESKRIVELSE AV DAGENS SITUASJON

3.1 BYPLANMESSIGE FORHOLD

Campus Bø ligg tett på sentrumsfunksjonar, kollektivknutepunktet Bø stasjon og stamveg mellom aust og vest, RV 36. Høgskulen ligg sør på campus, tett inntil ny barnehage, studentkro, kulturanlegg og idrettsanlegg. Frå Kyrkjebakken i nordenden av campus til Lundevegen i sør er det om lag 500m. Det er med andre ord små avstandar innanfor campus og frå campus til sentrumsfunksjonar. Området har likevel eit stort potensiale for fortetting. Gullbringvegen er tilkomstvegen til campus frå nord. Vegen ender ved Hallvard Eikas plass framfor hovudinngangen til høgskulen. Parkeringsplassen ved høgskulen er tilgjengeleg både frå Gullbringvegen og frå Lundevegen i sør.

Oppe på Bøhaugen tett innpå campus i vest ligg dei to kyrkjene i Bø. Den nye er ei listeført trekyrkje frå 1875 og den gamle er ei freda mellomalderkyrkje i stein frå 1179.

I området aust for Gullbringvegen er det kvikkleire i grunnen. Dette krev meir omfattande grunnundersøkingar ved ei eventuell utbygging på desse areala.

3.1.1 Kommuneplanens arealdel


Kommuneplanens arealdel er den overordna planen for arealbruk i heile kommunen. Kartutsnittet i

Figur 4 syner arealføremål innanfor campus i kommuneplanens arealdel 2008-2020. Den delen av området som består av Bø hotell AS, Gullbring Kulturanlegg AS og Gullbring studentheim er sett av til sentrumsføremål (brunt - næring, bustad og offentlege funksjonar). Sjølve høgskuleområdet er sett av til offentlege føremål (raudt) og Hellandtunet til næring (blått). Bustadtomta langs Gullbringvegen er sett av til bustadføremål. Kommuneplanens arealdel er under rullering og ny plan skal vedtakast i 2015.

3.1.2 Reguleringsplan

Reguleringsplan er plannivået under kommuneplan og viser arealbruken meir i detalj. Campusområdet er regulert gjennom ei rekke eldre reguleringsplanar som samla dekker heile området. I

Figur 4 er arealføremåla i desse planane sydd saman. Som i kommuneplanen er høgskuleområdet og Gullbring barnehage regulert til offentleg føremål (raudt), Bøhaugen til friområde (grønt), bustad ved Gullbringvegen til bustad og Hellandtunet til næring. Sentrumsføremålet i kommuneplanen er i reguleringsplanane delt opp i offentlege føremål (Gullbring), næring (Bø hotell AS), studentbustader (Gullbring studentheim), friområde (Evjudalen) og bustad/forretning/kontor (Bekkevoll).




Figur 4 T.v. arealføremål for campus i kommuneplanens arealdel 2008-2020. T.h. reguleringsføremål for campus i div. reguleringsplanar.

3.1.3 Idé-planar

Det ligg føre ei rekke skisser og planar for utbygging av verksemdene innanfor campus.

HiT

Gjeldande bebyggelsesplan legg til rette for utbygging av to nye fløyer parallelt med dagens bygg; vest og søraust for dagens bygg, sjå Figur 5.



Figur 5 Skisse over to nye fløyer til eksisterande høgskulebygg


Gullbring Kulturanlegg AS

Gullbring Kulturanlegg AS har hatt planar om påbygging av idrettshall på den øvre parkeringsplassen. Ny idrettshall er ikkje aktuelt etter at ny fleirbrukshall blei bygd ved Bø vidaregåande skule, men arealet kan nyttast til anna påbygg dersom dette blir aktuelt. Vidare har det vore planar om utbygging av folkebibliotek ut mot Evjudalen på den nedre parkeringsplassen.

Bø hotell AS

Bø hotell AS har tidlegare hatt planar om kombinert hotell, næringsbygg, rådhus og bibliotek utover på parkeringsplassen, legge parkering under bakken og bygge forbindelse mellom Bø hotell AS og Gullbring Kulturanlegg AS. Sjå Figur 6. Hotellet har behov for ytterlegare kapasitet og vurderer påbygging av ein etasje til og eventuelt samarbeid med SiTel om nye studenthyblar på campus som kan nyttast til utleige om sommaren. Hotellet vurderer også bygg utover på parkeringsplassen, jf. tidlegare planar.





Figur 6 Idéskisser for samanbygging av Bø hotell AS og Gullbring Kulturanlegg AS

Telemark kompetansebygg AS

Hellandtunet forskings- og næringssenter er fullt utleigd etter utvidinga i 2011 og huser 90-100 kompetansearbeidsplassar. Som resultat av campusprosjektet, har Telemark kompetansebygg AS, utarbeidd to alternative skisser til utviding med eit tilbygg på 300 m2 grunnflate i to etasjar (ca 35 nye kontorplassar), sjå Figur 7. Dette er tenkt som eit alternativ til eit separat bygg i bakken nedanfor Hellandtunet. Ei utviding som er kopla til eksisterande bygg vil halde miljøet samla rundt resepsjon og fellestenester, og treng ikkje kome i konflikt med den eksisterande bustaden i Gullbringvegen 23.






Figur 7 Idéskisser for utbygging av Hellandtunet

3.1.4 Eigedomsforhold

Størstedelen av campus er eigd av Bø kommune eller kommunale selskap (sjå Figur 8) og Statsbygg. Dei andre større grunneigarane er SiTel, Hotellfinans AS og Telemark kompetansebygg AS. I tillegg ligg ein mindre privat eigedom langs Gullbringvegen.



Figur 8 Eigedomar eigd av Bø kommune eller kommunale selskap

3.2 INFRASTRUKTUR OG MOBILITET

I studieåret 2013/14 var det 1850 aktive studentar i Bø og om lag 400 tilsette innanfor campus. I tillegg utgjer besøkande til Bø hotell og Gullbring kulturanlegg ein betydeleg del av trafikken innanfor campus. Bustadadressene for studentar og tilsette syner at 55% bur nærare enn 3km frå campus, dvs. gang- og sykkelavstand. Av studentane bur heile 60% innanfor 3 km, sjå Figur 9.

	Gang-/sykkelavstand	Dagpendlaravstand	Sum
Studentar	980	724	1704
Tilsette HiT	105	120	225
Andre tilsette	84	94	178
Sum	1169	938	2107

Figur 9 Studentar og tilsette som bur under 3 km frå campus

Campus ligg sentralt i høve til Bø sentrum med kort avstand til handel og tenester. Gullbring kulturanlegg ligg tett på høgskulen med kulturtilbod og idrettsaktivitetar. Det er også kort avstand til Bø stasjon som er eit viktig kollektivknutepunkt for m.a. buss mellom aust- og vestlandet og tog mellom Oslo og Stavanger. Med unnatak av studentbustadene på Folkestad, ligg alle SiTel sine studentbustader innanfor gang-/sykkelavstand til campus.

3.2.1 Privatbilisme og parkering

Gullbringvegen går gjennom campus frå Bøgata i nord til HiT. Frå sør har HiT tilkomst til parkeringsplassane frå Lundevegen. Det er ikkje offisielt vegsamband mellom Lundevegen og Gullbringvegen, men det er muleg å køyre over parkeringsplassen ved HiT. For Statsbygg og HiT er det ikkje ønskjeleg at trafikken gjennom området aukar betydeleg. Dei vil kunne stenge parkeringsplassen for gjennomkøyring dersom dette skulle skje.

For trafikken i Bø sentrum er det ei utfordring at brorparten av interntrafikken, i tillegg til gjennomfartstrafikken, kanaliserast gjennom rundkøyringa. Trafikk til HiT kanaliserast både frå Lundevegen og frå Gullbringvegen. Trafikk til dei andre verksemdene på campus kanaliserast i hovudsak via Gullbringvegen.

I studieåret 2013/14 var det om lag 1550 studentar med adresse i Bø eller med dagpendlaravstand til HiT og om lag 400 tilsette innanfor campusområdet. Totalt er det om lag 780 parkeringsplassar på campus (sjå detaljert oversikt i rapport frå arbeidsgruppe 2). I tillegg til eigne parkeringsplassar leiger HiT parkeringsplassar ved Bø hotell. Dersom vi reknar med at Hellandtunet og Bekkevoll dekker eige parkeringsbehov og ikkje belastar campusområdet, er tal tilsette som er knytt til parkeringsplassane på campus om lag 290. Tal parkeringsplassar på campus er i hovudsak tilstrekkelig for dagens situasjon, m.a. fordi det er ulike brukstider ved dei ulike verksemdene og fordi eigarane av parkeringsplassane utviser stor fleksibilitet. Det er per i dag ikkje parkeringsareal til ytterlegare bilbruk på campus. Det er ikkje innført parkeringsavgift i Bø sentrum eller på campus.

3.2.2 Ladepunkt for elbil

Innanfor campus finst ladepunkt for elbil ved Bekkevoll, Bø hotell og HiT. Det er ikkje ladepunkt for elbil ved Hellandtunet, og det er ikkje hurtig-ladar innanfor campus.

3.2.3 Kollektivtrafikk

Høgskulen ligg 700 m frå Bø stasjon som er eit viktig regionalt kollektivknutepunkt for tog og buss med mange avgangar i fleire retningar. I Bøgata ligg det to busshaldeplassar i om lag 600m gangavstand der ekspressbussen stoppar. Langs Lundevegen ved innkøyring til HiT er det busshaldeplassar der buss mellom Lunde og Bø stoppar. Det regionale busstilbodet i Bø har *middels frekvens* på opp til 1 avgang i timen langs hovudferdsleårene. Lokale ruter er i hovudsak skuleskyss med *låg frekvens*. Toget har også *låg frekvens*. I tillegg har ein Bø-bussen med *middels frekvens* (ein avgang per time)som bind sentrum og campus saman med Breisås og Folkestad. I tillegg er fleksiruter

tilgjengeleg torsdagar og fredagar, men dette er lite aktuelt for arbeidsreiser. Bø har såleis relativt god kollektivdekning samanlikna med andre distriktskommunar. Dei regionale rutene sørgjer for godt samband med nabokommunane samt Grenland, og kan nyttast av dei som arbeider/studerer på campus. Bø-bussen er eit godt tilbod for dei som skal til og frå arbeid lokalt. På Bø-bussen, Haukeliekspressen og Telemarksekspressen kan studentar reise så mykje dei vil for 390 kr per månad med studentkort.

3.2.4 Reisevaner

I planarbeidet vart det i februar 2014 gjennomført ei spørjeundersøking blant studentar og tilsette ved HiT Bø, Hellandtunet og Bekkevoll, sjå rapport frå arbeidsgruppe 2. Resultata går fram av Figur 10. Her er tala samanlikna med resultata av reisevaneundersøking frå Telemark (2009) og region sør (Agder, Telemark, Vestfold, Buskerud).

	Campus Bø	Telemark	Region sør
Kollektiv:			
Tog	*1%*		
Buss	*3%*		
Totalt	4%	4 %	7%
Sykkel:	7%	7%	7%
Bilfører:	42%	75%	71%
Bilpassasjer:	5%	7%	6%
Gange:	41%	6%	8%
Anna:	0%	1%	1%

Figur 10 Reisevaner innanfor campus

Andelen gåande til og frå campus i Bø er betydeleg større enn i resten av regionen, og det er ein betydeleg mindre del som brukar bil. Sykkelandelen ligg på nivå med resten av regionen. I følgje undersøkinga innanfor campus Bø er hovudårsaka til at ikkje fleire nyttar bussen at denne går for sjeldan, dernest at den er for dyr. Grunnen til at ikkje fleire av dei som køyrer bil eller reiser kollektivt syklar, er at det er for langt eller det tar for lang tid å sykle. Dette blir også oppgitt som hovudgrunn til at ikkje fleire går.

3.2.5 Gåande og syklande

Tilbodet for gåande innanfor Campus og i Bø sentrum er generelt godt med tanke på *tryggleik* og *framkomme*. Nettverket av fortaug og gang-/sykkelvegar er godt. Enkelte flaskehalsar finst likevel. Det gjeld i hovudsak «snarvegar» i form av tråkk som ikkje er opparbeidd med godt dekke og derfor vil funksjonalitet variere med ver og føre. Vidare manglar det ein snarveg for gåande frå Hellandtunet til HiT. Gåande må i dag krysse eit jorde eller gå omvegen om Kyrkjebakken og Gullbringvegen. Flaskehalsar er overflatisk registrert og vist i rapport frå arbeidsgruppe 2.

Når ein ser på *attraktivitet* er det store ulikskapar langs gangnettet. Gangvegane gjennom Evjudalen er attraktive fordi omgivnadene er parkliknande og trivelege. I delar av Bø sentrum er det også attraktivt å gå fordi det er det er «noko som skjer» gjerne i form av butikkar og kaféliv. Strekninga frå Bøgata mot høgskulen langs Gullbringvegen er eit eksempel på ei strekning der det skjer lite.

Sykkeltilbodet på Campus og i Bø sentrum er generelt godt. Det er forbetringspotensiale når det gjeld *framkomme* for syklistar. Særskilt dårleg tilrettelagt er tilkomsten for syklande frå Langkåshaugen/Oterholt til campus. Ein del flaskehalsar når det gjeld fortauskantar og andre hinder

finst både i og utanfor campus, sjå overflatisk registrering i rapport frå arb.gr. 2. Det er også ein del store parkeringsområde, spesielt i sentrum, som ikkje er egna for syklistar og som derfor kan opplevast som hinder i ei sykkelrute. Inne på campus er forbindelsen frå Evjudalen/nedre del av Gullbringanlegget og opp til HiT dårleg, og det manglar sykkelveg mellom Hellandtunet og HiT.


Sykkel som transportmiddel har eit fortrinn på avstandar mellom 1500 og 5000 m.

Parkeringsdekninga for sykkel er god ved høgskulen, Gullbring, Hellandtunet og Bekkevoll. Gullbring studentheim har berre sykkelparkering i kjellaren. Generelt er sykkelparkeringsplassane plassert eit stykke frå inngangspartia – særskilt ved HiT og nedre del av Gullbring – og ingen av sykkelparkeringane er overbygde.

3.3 FYSISKE/FUNKSJONELLE FORHOLD


3.3.1 Bygningsmasse

Høgskulen er samla i eitt bygg med 5 fløyer. I tilknyting til bygget ligg eit større idrettsanlegg for friidrett/fotball, sandvolleyball, golf, skatepark og eit kombinert tennis-,basketball- og isbaneanlegg, sjå Figur 11. Idrettsanlegga er ein del av studietilbodet (idrett- og friluftsliv) og eit viktig bidrag til studentvelferda. Anlegga er døme på gode samarbeidsprosjekt mellom kommunen og høgskulen. Dei blir mykje brukt av skulane og innbyggarane og inngår i kommunens samla fritidstilbod. På området er det også etablera eit kombinert kro/barnehagebygg som er eigd av Bø kommunale eigedomselskap, men som driftast av Høgskulen.



Figur 11 Høgskulebygget og idrettsanlegga (flyfoto er tatt før ny kro og barnehage og skateanlegg vart bygd)

Andre bygg på campus er Gullbring barnehage, Bø hotell AS, Gullbring studentheim, Gullbring Kulturanlegg AS, Hellandtunet forskings- og næringssenter (fordelt på to bygg), ein privat einebustad og Bekkevoll, kommunalt kontorbygg, sjå Figur 12.



Figur 12 Bygningsstruktur og vegnett på campus

3.3.2 Grøntområde og idrettsanlegg

Bøhamna strekk seg frå kyrkjene på Bøhaugen og ned til Gullbringvegen. Området har ein viktig funksjon som turområde for barnehagane. Friluftsparken Evjudalen avgrensar campus mot aust. Området er opparbeidd med stiar og dammar. Ytterlegare opparbeiding med leikeplass, grillplassar, møblar m.m. er under planlegging. Området har funksjon som frilufts- og aktivitetsområde for både studentar og barnehage og blir også nytta i samband med fleire av studia på høgskulen.

Idrettsanlegga på campus er ein del av studietilbodet (idrett- og friluftsliv) og eit viktig bidrag til studentvelferda. Anlegga legg til rette for aktivitet sommar og vinter:

- Sommar: Sandvolleyballbaner, skateboardanlegg, tennisbane, grønsaks- og urtehage (skulehage), grasbanar/større grøne område, golf, løpebane, cross-fitness treningsområde og i 2015 vil sandhandballbane bli etablert
- Vinter: Skøytebane, akebakke, skileikområde, løypenett for skiløparar.

Lia opp mot kyrkja er dessverre prega av eit gamalt hoppanlegg som er skjemmande og ikkje forsvarleg å bruke. Anlegget bør sanerast snarast råd. Bø kommune og Idrettslaget Skarphedin bør bli samde om framdrifta i det arbeidet.





3.3.3 Skilting

Campus er i dag lite synleg for reisande til Bø. Dette gjeld både reisande til Bø stasjon og langs RV 36. Mest synleg er campus frå Lundevegen. Det går ikkje klart fram når ein har kome til campus, og det er vanskeleg å få oversikt over bygg og anlegg inne på området. Det er behov for å synleggjere campus betre, både frå Bø stasjon og riksveg 36 og når ein kjem inn i området.

3.4 SOSIALE OG KULTURELLE FORHOLD

3.4.1 Studentbustader

I følgje NSDs Database for statistikk om høgre utdanning (DBH), er det 2200 studentar knytt til studiestad Bø. HiT opererer med 1850 aktive studentar i Bø og minst 2/3 har heimstadadresse utanfor Telemark. Gjennomsnittsalderen på studentane i Bø er låg, dvs. at 2/3 er under 30 år (2014). Dekningsgrad for studentbustader, er tal studenthyblar samskipnaden (her SiTel) har i høve til tal registrerte studentar på studiestaden. I Bø har SiTel 456 studentbustader på Gullbring, Breisås, Grivi og Folkestad studentheimar. Dersom ein reknar dekningsgraden utifrå 1850 studentar, blir denne 24,6%. Dersom ein reknar dekningsgrad utifrå total tal studentar knytt til studiestad Bø (2200), blir dekningsgraden noko lågare.

1850 studentar er eit høgt tal i forhold til kommunen sine 5.800 innbyggarar. Etter at SiTel sine hyblar er fylt opp, er det framleis om lag 1.000 studentar/elevar (75 %) som må finne seg hybel i den private marknaden. Ein del private aktørar driv også utleige i litt større skala, med hybelhus eller heile einebustader/rekkehus. Talet på studentar som etterspør hyblar i den private marknaden, er så stort at det påverkar bustadmarknaden og etterspurnaden. Inne på campus ligg Gullbring studentheim. Ved nye statlige tilskott til studentbustadbygging eller anna finansiering, vil SiTel prioritere å bygge nye studentbustadar i knytt til Gullbring studentheim. Dette vil gi en økt dekningsgrad, men ei utviding av bustadmassen vil skje parallelt med ei sanering av den eldste delen av Breisås studentheim. Bygging av nye studentbustader i SiTel-regi er avhengig av den statlege støtteordninga som er etablert for dette.

3.4.2 Studentbarnehage

Etter bygging av nytt kro/barnehagebygg i 2013 har studiestaden fått studentbarnehage på campus, sjå Figur 13. Barnehagen driftast av Bø kommune og SiTel med 2 avdelingar kvar, høvesvis Bøhamna og Veslekroa barnehagar. I tillegg ligg den kommunale Gullbring barnehage inne på campus frå før.



Figur 13 Situasjonsplan kro/barnehagebygg

3.4.3 Studenthus – Kroa i Bø

Høgskulen har eit aktivt studentsamfunn, og studentane har eige aktivitetshus på campus; Kroa i Bø. Kroa flytta inn i nye lokalar på campus hausten 2013. Her held studentgrupper innan dans, musikk, revy, interiør, foto, film, studentavis og radio til. Kroa i Bø er ein legendarisk studentkro og konsertarrangør som i over 40 år har sørgja for å gje både studentar og lokalbefolkning konsert- og arrangementsopplevingar i verdsklasse. Kroa har som mål å vere ein viktig nasjonal konsertscene med breitt nedslagsfelt for folk flest, med fokus på populærmusikksjangeren. Den nye kroa dekker dei same funksjonane som den gamle kroa. I tillegg har bygget 10 grupperom som høgskulen disponerer. Sjå http://kroaibo.no. Kroa etablerte og nyleg intimbar med opningstid tysdag og torsdag frå kl. 16 – 20. Servering av enkle rettar som kaffi, vaflar, pizza etc. Møblar er på plass for utandørs servering.

3.4.4 Annan sosial infrastruktur på eller ved campus

På høgskuleområdet finst kantine, kopieringssentral, og eit godt utstyrt treningsrom. Uteområdet inneheld anlegg for tennis, basket, sandvolleyball, golf, friidrett, isbane, fotball og skatepark. Ved

sidan av høgskulen ligg Gullbring Kulturanlegg AS med treningssenter, symjehall, handballhall, konsert- og teatersal og kino. Området har eit godt utbygd langrennsanlegg. Bø har elles eit rikt kultur- og fritidstilbod: festivalar, idrettslag og friviljuge organisasjonar (sjå oversikt her), musikkorps, bibliotek, jazzklubb, kafear osb. Sjå http://www.bo.kommune.no/ og http://www.gullbring.no/

Studentane har ønskje om fleire grupperom, og høgskulen har etablert gruppearbeidsplassar i tidlegare opne areal. Campus' inne-område gir elles mange muligheiter for sosiale arenaer:


- Kafé Studentens begge etasjar, i tillegg er det etablert sosiale møteplassar i dei tre «karnappa» utanfor kafé Studenten i 2. etasje og utandørs med bord og stolar.
- Biblioteket har etablert fleire sosiale sittegrupper.

Campus' ute-område, som er eigna for fysisk aktivitet, fungerer også godt som sosiale møteplassar. Alle aktivitetsområda blir bruka av studentar og kommunens innbyggarar, sjå kap.3.3.2. Området mellom Kroa, barnehagen og skulen er tilrettelagt som sosial møteplass.

3.5 STUDENTAR/TILSETTE/STUDIETILBOD/FAG

3.5.1 Utvikling i tal på studentar

Utvikling i talet på campus-studentar



Figur 14 Utvikling i tal registrerte studentar ved AF

Dei siste tre åra (2011-2013) har talet på studentar ved AF i Bø ligge på vel 2200 studentar. Dette talet inkluderer nettbaserte studentar, Gateway-studentar og enkeltemnestudentar. Det vil si at omlag 350 av disse 2200 studentane ikkje i vesentlig grad oppheld seg på studiestad Bø. Talet på campusstudentar dei tre siste åra har vore omlag 1850.

AF har god rekruttering, og har tradisjon for å rekruttere godt nasjonalt, ikkje bare frå regionen.

Framskrive folkemengd viser at tal på 19-åringer frå 2012 og framover ligger på eit jamt nivå (rundt 66.000 i 2014 til 2020). Med utgangspunkt i dette og det studietilbodet fakultetet har i dag, meiner vi det er god grunn til å anta at fakultetet vil oppretthalde studenttalet på dagens nivå. Meir satsing på

nettbaserte studium og eventuelle nye eller endra studietilbod, vil kunne bidra til høgre studenttal, men dette vil truleg ikkje endre talet på campusstudentar i noko særleg grad.

Utvikling i talet på studentar som fylgje av auka e-læring

Nettundervisning og fjernundervisning med samlingar er to ord for same sak. Samlingane har ofte andre undervisningsformer enn ordinær tavleundervisning. Det medfører behov for andre fasilitetar, til dømes betre straumtilgang i auditorium, ventilasjon og open studentkafé i helgene. Samlingar for nettbaserte studentar i helger og på kveldstid, vil kunne auke utnyttingsgraden på campus. Det gjeld både for høgskulebygget, for Bø hotell AS (auka overnattingsbehov), Kroa og Gullbring Kulturanlegg AS.

Marknaden for høgre utdanning kan bli meir todelt:

- 19-24 åringar som tek sin fyrste høgre utdanning og ønskjer å vere i det sosiale miljøet på ein campus
- Vaksne som tek sin andre høgre utdanning eller tilleggsutdanning eller ofte meir stadbundne og ønskjer i større grad nettundervisning.

Generelt vil ein «levande» campus vera viktig og attraktiv *både* for campusstudentar og for nettstudentar som kjem til Bø på samlingar

Campusstudentar etterspør også strøyming av forelesingar dvs. at forelesingar tas opp med videokamera for å visast for studentane i sann tid, dvs. mens ordinær undervisning går føre seg eller for seinare avspeling. Det betyr at fleire og fleire forelesingar vil bli filma eller at det vil bli utvikla eigne «polerte» forelesingar som er gode pedagogiske framstillingar.

Det vil sannsynligvis føre til færre vanlige forelesingar og meir øving/rettleiing. Det kan bety mindre behov for store auditorium og meir behov for flate klasserom og grupperom. Det kan også medføre mindre nærvær på campus også blant campusstudentane.

Videoframsyning stiller strengare krav til lysbehandling i auditorium og klasserom. God IT-infrastruktur er ein føresetnad for å lykkast. Det viser seg ofte at teknologiske og marknadsmessige endringar går raskare enn det organisasjonar taklar. Høgskulen har sett av gode ressursar for å styre og styrke e-læringssatsingane.

3.5.2 Utvikling i talet på tilsette

AF har i dag omlag 160 fast tilsette. Med utgangspunkt i dagens studietilbod og planar for dei næraste åra, er det ikkje venta noko vesentleg auke i talet på fast tilsette. Dersom studenttalet skulle auke ved meir satsing på nettbaserte studium, kan det auke behovet for fleire stillingar. Dersom AF får til meir samarbeid med næringsliv og klarer å få fleire tilslag på FoU søknader kan det bli nokre fleire prosjekt- og oppdragsstillingar, men det er vanskeleg å berekne nøyaktige tal for dette.

AF er sterkt involvert i to doktorgradsstudium og det er krav om minst 5 nye stipendiatar kvart år for å oppfylle NOKUT sine krav til studenttal. Det vil vere behov for minst 30 arbeidsplassar for stipendiatane. I dag har fakultetet 21 kontorplassar for stipendiatane fordelt på tre felleskontor.

Det kan bli knapt med kontorarbeidsplassar, men det vil likevel ikkje vere så stort behov at det aleine utløyser behov for nytt byggetrinn, men det er fornuftig at HiT kan gå inn med nokre «aksjar» i eit eventuel. nytt kontor-/næringsbygg på campus.

3.5.3 Arealendringar som fylgje av talet på studentar og tilsette

Studiestad Bø er prega av stabil og god drift i lokale som er godt egna for formålet. Bygget er nå 20 år gamalt og det er viktig at Statsbygg og høgskulen saman bidreg til å holde nivået på bygg og uteområde slik at det til ei kvar tid er tilpassa gjeldande behov.

Slik det ser ut, er det sannsynlig at tal nettstudentar vil auke. Erfaringane frå HiT sin studiestad på Notodden tilseier at auka tal nettstudentar fører til behov for ny infrastruktur og at mange klasserom må endrast. Søkjartala til heile HiT hausten 2014 viser ei lita auke i totalt tal studentar. Aukinga skyldast fleire søkarar til nye nettstudium, mens det er ein liten nedgang i talet på campusstudentar. Ved studiestad Bø er søkjartala aukande både for nett- og campusstudentar, og det er eit mål å arbeide for at det held fram slik.

NÆRINGSETABLERINGAR I DAG

Det er i dag om lag 420 arbeidsplassar innanfor campus, og 170 av desse er på høgskulen. Arbeidsplassane er først og fremst knytt til kompetansemiljø, mellom desse 90-100 arbeidsplassar i 13 verksemder som er leigetakarar i Hellandtunet forskings- og næringssenter. Hellandtunet forskings- og næringssenter er eigd av Telemark Kompetansebygg AS.

Telemarksforsking (Tf) er den største verksemda på Hellandtunet. Tf er eit nasjonalt forskingsinstitutt med regional forankring og internasjonal relevans. Det er i dag 33 forskarar som har sitt daglege virke ved instituttet. Tf har nasjonal spisskompetanse på fem fagområde:

- Kulturforsking
- Natur- og kulturbasert nyskapning
- Kommuneøkonomi og kommunestruktur
- Regional Utvikling
- Helse og velferdsforsking


Hellandtunet er etter ei utviding i 2011 fullt utleigd, og verksemdene i bygget har behov for ytterlegare kontorlokale.

Anna næringsliv innanfor campus er Bø hotell AS og Gullbring Kulturanlegg AS med m.a. Bø kino, treningssenterkjeda Stamina og andre mindre leigetakarar.

HiT studiestad Bø er i dag ein motor for regional utvikling i Midt-Telemark. Høgskulen tilbyr næringsliv og offentleg sektor kompetent arbeidskraft og byr på attraktive arbeidsplassar i regionen. Studentane gir grunnlag for eit breitt tilbod innanfor kultur, idrett, handel og uteliv i Bø. Høgskulen har i dag ei rekke koplingar og samarbeidsprosjekt med næringslivet, men det er ei målsetting å styrke denne koplinga.

4 MULIGHEITSSTUDIE AV CAMPUSOMRÅDET

Asplan Viak har på oppdrag frå aktørane i dette planarbeidet utarbeidd ein muligheitsstudie der fortettingspotensialet innanfor Campus Bø er visualisert (vedlegg 4). Asplan Viak har tatt utgangspunkt i utbyggingsbehov som har kome fram i planarbeidet. Framtidige bygg og eksisterande og nye gangsamband er lagt inn i ein 3D-modell (Figur 16). Det er lagt vekt på at ei fortetting ikkje skal ha negative konsekvensar for kyrkjene på Bøhaugen (Figur 17). I modellen er det fortetta med 6 nye bygg på til saman 6600 m^2 i tillegg til eit tilbygg på høgskulen på 5000 m^2.



Figur 15 Forslag til fortetta campus med gangsamband

Modellen syner at det er eit betydeleg potensiale for å fortette innanfor området. Det er lagt vekt på å tilpasse nye bygg til eksisterande bygningsstruktur og volum. Eksisterande samanhengar som gang-/sykkelveg er forsøkt vidareført og styrka. Ved Hellandtunet er det vist nybygg på med 300 m2 grunnflate over to etg. Både inntil eksisterande bygg mot sør og langs Gullbringvegen. Bustaden langs Gullbringvegen er vist rive og eks. avkøyring til bustaden er nytta til parkeringsplass for 46 bilar. Vidare sørover langs Gullbringvegen er det lagt inn to bygg på 300 og 370 m2 grunnflate i 3 etg til kontor og studentbustader. Bygga har tilkomst frå gang-/sykkelveg på oversida og frå Gullbringvegen på nedsida. Ved Gullbring studentheim er det lagt inn eit nytt hybelbygg som er ein kopi av dagens

bygg, lagt 90 grader på dette. Parkeringsplassen er flytt til baksida av studentheimen, der grunntilhøva sannsynligvis er meir komplisert å bygge på enn lenger inn på flata. Hotellet har fått tilbygg knytt saman med eksisterande bygg med ein glasgang i andre etasje. I tilknyting til hybelbygg og påbygg på hotellet, er det muleg å bygge parkeringskjellar.



Figur 16 Utsnitt av 3D-modell, campus sett frå høgde over Bøgata



Figur 17 Utsnitt av 3D-modell, campus sett frå sør

5 MORGONDAGENS CAMPUS

5.1 MÅLSETTINGAR

Når Campus Bø har ei positiv utvikling, har det positive ringverknader for vertskommunen, men også for nabokommunane i Midt-Telemark og for resten av Telemark. Dei same positive ringverknadene får Campus Bø ved positiv utvikling i Bø, Midt-Telemark og Telemark. Talet på studentar og tilsette på studiestad Bø har direkte samanheng med talet på arbeidsplassar i regionen. I tillegg til basisbehova som bustad, mat og kulturtilbod, skaper fleire studentar og tilsette i høgskulesystemet dynamikk i eit forskingsbasert arbeidsliv som generer innovasjon og nyetableringar. Samarbeid om campusutvikling er difor avgjerande for regional utvikling.

Arbeidslivet i framtida er i høg grad utviklings- og kunnskapsbasert, og det er avhengig av høg kompetanse. Nærleik til ein utdanningsinstitusjon har ein positiv effekt for regional utvikling. Campus Bø skal gjerast enda meir attraktiv i ein region i utvikling, både for studentar, tilsette og næringslivet.

I den vidare utviklinga av Campus Bø vil ein fokusere på følgjande målsetting:
Å styrke Campus Bø som ein attraktiv studiestad og arbeidsplass for framtida og utvikle høgskulen sine aktivitetar i eit tett samspel med samfunnet omkring. Planen skal sikre ein arealeffektiv og berekraftig utnytting av campus som gir høgskulen og andre verksemder høve til vidare utvikling. Det er vidare ei målsetting med planarbeidet å legge til rette for auka samarbeid mellom høgskulen og næringslivet lokalt og regionalt.

5.2 BYPLANMESSIGE FORHOLD

Campus er i dag regulert gjennom eit lappverk av eldre reguleringsplanar. Funksjonane som finst innanfor campus bygger opp under HiT, men det er behov for ein områdereguleringsplan som sikrar areala for framtida. Ein områdereguleringsplan vil kunne sikre utvidingsmuligheiter for den type verksemder ein ønskjer å legge til rette for på campus. Ved utarbeiding av ein områdereguleringsplan må det gjennomførast ei meir utførleg analyse av potensialet for fortetting, basert på Asplan Viaks muligheitsstudie i dette planarbeidet.

Ved fortetting på campus må nye parkeringsplassar i all hovudsak leggast under bakken. Dette krev store investeringar, og ein må difor arbeide målretta med å få ned bilbruken på campus – også med tanke på ei tilfredsstillande trafikkavvikling. I områdereguleringsplanen bør ein difor ha fokus på tilrettelegging for gåande og syklande og universell utforming.

BYPLANMESSIGE FORHOLD

Mål: Fortette campus med studentbustader og lokale for næringsliv som kan samhandle med høgskulen

5.3 INFRASTRUKTUR OG MOBILITET

5.3.1 Privatbilisme og parkering

Det blir ofte peika på at det er behov for ein veg som avlastar trafikken gjennom rundkøyringa og Bøgata. Ein permanent gjennomfartsveg gjennom HiT sitt parkeringsareal er ikkje aktuelt og vil heller ikkje vere lovleg. Det er likevel ein fordel at sambandet til Gullbringvegen ikkje er stengt med omsyn til sambruk av parkeringsarealet ved campusområdet. Statsbygg og HiT kan stenge vegen om det viser seg vesentleg auke i gjennomkøyringstrafikken.

Dersom det ikkje blir noko endring i campusområdet, må alle eigarane ha betre oppmerking av sine parkeringsplassar og arbeide for mest muleg sambruk av parkeringsplassar. Dersom Gullbring får større aktivitet på dagtid blir det fort eit parkeringsproblem. Det er HiT som har for få parkeringsplassar, men det er lite hensiktsmessig å innføre reguleringar bare for HiT. Dersom høvet for HiT til å leige parkeringsplasser ved Bø hotell skulle bli borte, vil HiT måtte auke sin

parkeringskapasitet med 80-100 nye parkeringsplassar. Dette vil innebere parkeringskjellar eller at planlagde utbyggingsområde mot Lundevegen blir parkeringsområde. Parkeringsplassar på bakkeplan vil i så fall gå ut over areal til eit eventuelt nytt bygg med auditorium.

Eit nybygg med parkeringskjellar på parkeringsområdet til hotellet vil kunne dekke parkeringsbehovet for hotellet og nybygget, men redusere parkeringskapasiteten for HiT. Reduksjonen av tal parkeringsplassar totalt på campus kan i seg sjølv vere eit verkemiddel for å redusere bilbruken . I tillegg kan det på eit tidspunkt vere grunnlag for å innføre ei samla parkeringsordning (betaling, oblat og liknande) for å redusere bilbruken. Innføring av p-restriksjonar på campus krev ein samla plan som forpliktar alle aktørane i området, betre kollektivfrekvens og kampanjar for å endre reisemønster. Det blir ikkje anbefalt å innføre parkeringsregulering på campus med mindre Bø kommune innfører regulering i Bø sentrum som t.d. maksimumstal på parkeringsplassar og avgift.

Talet på elbilar på marknaden aukar kraftig, og det bør leggast til rette for fleire ladepunkt ved alle institusjonane innanfor campusområdet.

5.3.2 Gåande og syklande

Dersom campus skal fortettast med t.d. kontorlokale og studentbustader, må andelen som nyttar eigen bil gå ned dersom parkeringsbehovet skal dekkast og ein skal ha ei tilfredsstillande trafikkavvikling. 55% av tilsette og studentar bur innanfor 3km-radius til campus. Reisemiddelundersøkinga viser at 48% går eller syklar til campus. Her gir den låge svarprosenten utslag i usikre tal. Ein kan forvente at sykkel blir valt som framkomstmiddel på avstandar opp til 5km dersom det blir lagt til rette/ det er attraktive forhold. Det ligg difor også eit potensiale for syklande utover dei 55% som bur innanfor 3km avstand til campus. I nasjonal sykkelstrategi er det ei målsetting at sykkeltrafikken skal utgjere minst 8% av alle reiser (ikkje berre arbeidsreiser). I regionalplan for samordna areal og transport for Telemark er målet for g/s-del 35%. I og med at rundt halvparten av studentar og tilsette ved campus bur i g/s-avstand, bør ein ha som målsetting at 50% av alle tilsette og studentar går eller syklar til Campus Bø i 2025.

For å oppnå nedgang i bilbruk, må det setjast inn tiltak som gjer det meir attraktivt å gå og sykle. Viktige faktorar for eit vel fungerande og attraktivt gangnett er:

- Samanhengande nett av god kvalitet.
- Universelt utforma hovudnett
- Gode snarvegar
- Trafikksikkert og tryggleikskjensle (trafikk, belysning mm)
- Aktivitet i form av handel, kaféliv, trafikk (helst mjuke trafikantar), vatn eller andre naturelement, mm.
- Trivsel i form av vegetasjon, fint gatemiljø, trivelege omgjevnader generelt.
- God og rask brøyting, strøing og feiing

Ut i frå den registrerte situasjonen for gåande, bør ein satse på utbetring av snarvegane samt tiltak som skaper aktivitet og trivsel langs gangrutene, i første omgang langs Gullbringvegen.

For å få eit attraktivt sykkelnett er følgjande faktorar viktige i tillegg til dei som er lista opp over:

- Samanhengande nett av god kvalitet med effektiv «linjeføring»
- Nok og rett plassert sykkelparkering med tak og låsemulegheiter.

For syklande anbefalast det å satse på utbetring av flaskehalsar og hinder samt attraktivitetstiltak som skikkeleg gode sykkelskur rett ved inngangane og tiltak som skaper aktivitet og trivsel langs gangrutene, i første omgang langs Gullbringvegen. Enkelte av desse må løysast gjennom områdereguleringsplan, mens andre kan løysast gjennom enkle tiltak som ikkje krev plan. I ein områdereguleringsplan må gang- og sykkelveg mellom Hellandtunet og HiT sikrast. Skilting og andre tiltak kan med fordel settast i samanheng med profil og marknadsføring av campus elles.

Det bør riggast eit prosjekt for ei større satsing på tilrettelegging for gåande og syklande. Finansiering kan t.d. søkast hos Transnova, fylkeskommunen (folkehelse, utvikling). Prosjektet bør ha høge ambisjonar og legge seg på ein «luksus»-variant for gåande og syklande:

- Ladestasjon for menneske langs Gullbringvegen om morgonen. Kaffivogn (elbil) med varme croissantar plassert i krysset ved Gullbring barnehage frå 7.30-8.30.
- Utbetre flaskehalsar som ikkje krev plan, jf. vedlagt kart
- Flytte sykkelparkering nær inngangsparti i Gullbring og ved HiT
- Opparbeide utandørs sykkelparkering ved Gullbring studentheim
- Lage overbygde sykkelparkeringar med vekt på utforming, lys osb.
- Finansiere elsykkelsatsing, t.d. subsidiering av elsyklar for studentar
- «Bysykkel»-ordning med stativ på Bø stasjon, HiT, Hellandtunet og Bø torg.

I samband med ein områdereguleringsplan for campus, bør det utarbeidast ein grundigare mobilitetsplan der data for avstand mellom bustad og campus blir ytterlegare differensiert enn over og under 3km, slik at ein får oversikt over potensialet for gåande og syklande i kvar sine kategoriar.

5.3.3 Kollektivtrafikk

Viktige faktorar for eit vel fungerande og attraktivt kollektivnett i høve til arbeidsreiser:

- Frekvens. Jo kortare avstand, jo viktigare er høg frekvens. Dersom ein bur i kort avstand frå arbeid viser det seg at frekvensen må vere høgare enn 15 minutt for å oppnå vesentleg overgang frå bil til buss.
- Reisetid (må konkurrere med bil)
- Pris/billettordning/ info
- Avstand til- og kvalitet på busshaldeplassen
- Kvalitet på heile reisekjeda: komfort, unngå bytte av reisemiddel, mm

Ut i frå den registrerte situasjonen anbefalast det å fokusere på attraktivitetstiltak for heile reisekjeda, for eksempel haldeplassar og ganglina mellom målpunktet og haldeplassen. I tillegg bør ein arbeide for auka frekvens på nasjonale og regionale ruter. Sannsynlegvis vil det største potensialet for å auke bruk av buss ligge i å auke frekvensen og redusere reisetida på ruta mellom Bø og Grenland. Bussen Bø-Skien brukar i dag 1 time, dvs. 10-15 min lengre tid enn bil. For dei lokale reisene må ein auke frekvensen vesentleg dersom ein skal få nokon effekt – noko som kanskje vil

vere kostbart i høve til kva ein oppnår. Frekvensauke på Bø-bussen blir vurdert som urealistisk, men innføring av studentrabatt på Bø-bussen bør vurderast.

Kollektivandelen kan bli høgare, særleg for dagpendlarar frå Grenland og Vest-Telemark. For campus bør ein ha tilsvarande målsetting som i forslag til regionalplan for areal og transport i Telemark: 8% i 2025. Dersom desse målsettingane blir nådd, vil i overkant av 40% køyre bil/vere bilpassasjer til campus. Med dagens tal på tilsette og studentar, inneber dette 740 personar.

INFRASTRUKTUR OG MOBILITET

Mål: Redusere bilbruken blant tilsette og studentar på campus av omsyn til arealeffektivitet, miljø og folkehelse. 50% av tilsette og studentar går eller syklar i 2025

5.4 FYSISKE OG FUNKSJONELLE FORHOLD

5.4.1 Bygg

Institutt for økonomi og informatikk nyttar i dag auditorium A.O. Vinje med 208 plasser store deler av uka. Det er difor ønskjeleg med eit auditorium med 150 plasser fordi dei andre auditoria har berre 98 plassar. Dette ville gitt rom for framtidig vekst og utvikling og opne opp for auka seminarverksemd. Kinosalen i Gullbring er svært lite populær for undervisningsformål og i følgje arbeidsgruppe 1 vil ikkje endringar i kinosalen, som å få inn naturleg lys, bidra i tilstrekkeleg grad. Innvendig ombygging av eksisterande areal er vurdert, men det er ikkje funne hensiktsmessig areal til dette. Behovet vil kunne ivaretakast med ei utviding av bygningskroppen frå fløy 5, mot syd-aust som skissert i Figur 5. Netto arealbehov er ca. 150 m2, dvs. brutto arealbehov på 225 m2. Auditoriet bør i tilfelle byggast som eit teleskopamfi. Bygging av auditorium ved HiT Porsgrunn hadde ein kostnad på 40.000,-/m^2. Tilsvarande kvadratmeterkostnad ville gitt ein byggekostnad på ca. 9 mill. kroner.

Kontorsituasjonen er trong i dag. Det vil m.a. kome om lag 10 fleire stipendiatar som det ikkje er plass til i dag. Terrassen over auditorium A.O. Vinje er på om lag 160 m2, og eit nytt overbygg over den kan gi 10 nye kontor. Det er også muleg å bygge nokre seminarrom saman med eit nytt auditorium og deretter bygge om / bruke seminarrom i 3. etasje fløy 5 til kontor for stipendiatar. Behovet for ytterlegare kontorplassar kan og løysast i eit nytt næringsbygg på campus. Ei slik løysing vil kunne styrke koplinga mellom HiT og næringslivet.

Trenden med auka nettundervisning vil kunne bety mindre bruk av store auditorium til tavleundervisning og meir seminarrom til rettleiing.

5.4.2 Idrettsanlegg

Det vil truleg ikkje vere aktuelt å sanere anlegg (med unnatak for hoppbakkane) neste 20 år. Dette har ikkje bare med juridiske forhold rundt spelemidlane å gjere , men også kommunens og høgskulens eigne investeringar.

For ordinære anlegg som har fått tilskot frå spelemidlane før 2013, har anleggseigar plikt til å drifte, halde ope og halde ved like anlegget i 40 år. Frå 2014 er dette kravet 30 år (ikkje tilbakeverkande). På campus gjeld dette friidrettsbanen og delar av Gullbring Kulturanlegg AS (idrettshall, symjehall).

For nærmiljøanlegg – dvs. resten av anleggselementa på campus som t.d. is-flate/fleirbruksflate, sandvolleyballbanar, golfanlegg og skateanlegg, har eigar plikt til å drifte, halde ope og halde ved like anlegget i min 20 år. Her må vi i alle fall legge ein 10-årshorisont til grunn per nå for desse anlegga, unnatak for sandvolleyball og skateanlegg som er av nyare dato. Hoppanlegget er skjemmande og ikkje forsvarleg å bruke. Skarphedin IL eig anlegget og bør sanere dette snarast råd.

FYSISKE OG FUNKSJONELLE FORHOLD

Mål: Påbygg i vestre del av høgskulebygget med eit mellomstort auditorium (150 plassar) og nokre seminarrom .

5.5 SOSIALE OG KULTURELLE FORHOLD

5.5.1 Studentbustader

Det er viktig å skape ein levande campus, også på kveldstid, med aktivitetar på Høgskulen, Kroa, Gullbring Kulturanlegg AS, fleire studentbustader osv. Om ein skal ta på alvor ønskje om redusert bilbruk og auka bruk av gang/sykkel (kollektivtransport), bør ein også satse på fortetting med flest moglege campusnære hyblar. Av studentane bur over 700 utanfor gang-/sykkelavstand. Mange av desse 700 ville nok vald ein campusnær hybel/leilegheit om dette var tilgjengeleg. Dersom ein skal tenke campusnære hyblar og legge opp til mindre bilbruk, bør kommunen i samarbeid med SiTel og andre store aktørar på hybelmarknaden, tenke fortetting langs Gullbringvegen.

SiTel har plass på eiga tomt bak dagens Gullbring studentheim. Om lag 100 hyblar er prosjektert her (sjå vedlegg 6), og eit muleg samarbeid med Bø hotell AS om samanbygging og sommarutleige er diskutert. Grunnforholda i området er vanskelege og det er behov for nye grunnundersøkingar om dette alternativet skal utviklast. Eit anna alternativ er utbygging langs Gullbringvegen inn mot Bøhaugen, der kommunen eig grunnen. Dette alternativet er synt i Asplan Viak sin muligheitsstudie. Bø har relativt god dekningsgrad og det vil difor vere ei utfordring å oppnå statlig delfinansiering til bygging av fleire hyblar. SiTel har konkrete planar om å sanere dei eldste hyblane i Breisås (72 stk.). Det vil bli søkt om tilskot til rehabilitering av desse bustadene i form av riving av Breisås og nybygg ved Gullbring. Sal av tomter i Breisås kan truleg vere med på å finansiere nybygg. Ved å bygge nytt, kan ein dels bygge enkelthyblar med eigen kjøkkenkrok og bad, dels hyblar med fleirsengsrom til internasjonale studentar som ønskjer lågast muleg husleige.

5.5.2 Studentbarnehage

Det har ikkje kome fram auka behov for barnehageplassar. Det er tre barnehagar innanfor campusområdet; ein kombinert studentbarnehage/kommunal barnehage i det nye kro-/barnehagebygget og ein langs Gullbringvegen.


Mange nettstudentar er einslege foreldre. Dersom Campus Bø kan tilby korttidsbarnepass for nettstudentar på samlingar, vil dette vere eit forttrinn for studiestad Bø.


5.5.3 Studenthus – Kroa i Bø

Nytt studenthus/kro blei etablert på campusområdet hausten 2013. Bygget er godt egna og tilpassa behovet med dagens studenttal. Arbeidsgruppe 1 har ikkje sett behov for endringar for studenthuset.

5.5.4 Anna sosial infrastruktur på eller ved campus

Som nemnd i kap. 3.4.4 er det fleire sosiale møteplassar inne i høgskulebygget, men det er behov for fleire uformelle møteplasser. Bileta under illustrerer døme på møblar som stimulerer til uformelle møte.





Av uformelle møteplassar inne på høgskulen, er det behov for å utbetre sittegrupper i foajeen med nye sosiale benkar på begge sider av hovudinngangen for å få sittegruppene til å fungere betre.



Møteplassen ved fløy 5 i 2. etasje og tilsvarande område i 3. etasje ved utgang til takterrasse bør mjukast opp med moderne sosiale benkar og krakker.





5.5.5 Kunst- og kultur på campus

Innanfor campus er det mange kulturaktørar, både frivillige og profesjonelle. Felles for dei fleste er at studentar og tilsette ved HiT på ulikt vis er direkte involvert. Musikkskulen representerer eit viktig pedagogisk fritidstilbod som også driv eit utstrakt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar – som igjen har studentar blant sine medlemmer og aktive. Kulturkontoret har også tradisjon for å ta i

mot praksisstudentar. Gullbring Kulturanlegg AS som er eit regionalt kulturhus, er ein viktig kulturarena og -aktør, slik også Kroa er det. Bø kino viser film kvar dag og Bø jazzklubb er ein av landets beste jazzklubbar. Telemarkfestivalen, ein godt etablert internasjonal folkemusikkfestival, er ein viktig studentpraksisplass og er slik sett også orientert mot studentgruppa sjølv om festivalen går føre seg før studiestart. Kammermusikkfestivalen Norsjø Kammermusikkfest og litteraturfestivalen Bøker i Bø er siste skot på stamma. Bøker i Bø samarbeider tett med Forfattarstudiet og satsar på eit nært samarbeid med høgskulen også i framtida. Samla sett utgjer kulturaktørane og arenaene eit vesentlig bidrag til studiestadens attraksjonskraft, i tillegg til det næringspotensialet som kan ligge i etablering og profesjonalisering.

SOSIALE OG KULTURELLE FORHOLD

Mål: Skape ein levande campus, også på kveldstid, der studentar og øvrige innbyggarar føler seg velkomne

5.6 STUDENTAR/TILSETTE/STUDIETILBOD/FAG

Høgskulen bør saman med Bø kommune og andre samarbeidspartnarar lokalt, regionalt og nasjonalt arbeide for vekst i studenttalet i Bø og vekst i talet kompetansearbeidsplassar. Fakultetet i Bø bør ha mål om å ha attraktive studietilbod innan sine fagområde som til ei kvar tid er etterspurt i samfunnet og i arbeidsmarknaden

Prognosen om utviklinga i tal studentar og tilsette tilseier ingen store endringar eller ekspansjonsplaner, men justeringar for å gjere studiestaden meir attraktiv. Det bør arbeidast målretta med å oppnå betre integrering av studentar i studietida og å få fleire til å busette seg i regionen etter avslutta studietid. Bø kommune bør lage ei studentmelding for på den måten stimulere til samhandling med studentane og HiT om å konkretisere handlingar som kan bidra til dette og til å gjere Bø til ein enda meir attraktiv studiestad.

STUDENTAR/TILSETTE/STUDIETILBOD/FAG

Mål: Auke tal studentar ved HiT Bø ved å tilby attraktive studietilbod som til ei kvar tid er etterspurt i arbeidsmarknaden og integrere studentane i lokalsamfunnet under studietida

5.7 Næringsutvikling knytt til høgskulen

5.7.1 Synleggjering av campus og av kompetanse ved HiT

Høgskulen sin kompetanse bør i sterkare grad synleggjerast. Høgskulen må stimulere sine tilsette til å vere synlege i kontakt med næringsliv og samfunnet elles.

Campus bør synleggjerast betydeleg betre for reisande til og gjennom Bø. Det bør ikkje vere tvil om at ein har kome til ei høgskulebygd og det bør ikkje vere tvil om når ein har kome til campus. Aktørane innanfor campus kan med fordel samarbeide om felles profilering.

5.7.2 Kopling næringsliv-HiT

Det er ei målsetting med campusplanarbeidet å styrke koplinga mellom høgskule og næringsliv (offentleg og privat verksemd) både i Bø, Midt-Telemark og Telemark. Det bør gjennomførast analyser for å avdekke flaskehalsar som hindrar ytterlegare samarbeid mellom HiT og næringslivet og arbeidast for å etablere sterkare koplingar mellom næringslivet og høgskulen.

Det ligg godt til rette for å arbeide vidare med koplingar mellom HiT og næringslivet. Det er diskusjonar om konkrete bedrifter og miljø, felles løysingar og samarbeid. Behov for å kartlegge og analysere; eksempel: Felles lab /styrke fagmiljø, FOU, klynger og bransjar som kan tenkast å ville etablere seg i Bø; ikkje alle passar på campus, men i Bø eller i Midt-Telemark. Aktuelle fagfelt/fokusområde for konkret vidare arbeid:
-Geodata
-Frukt
-Brønnboring
-Geologi
-Subsea
-Kultur/kulturforsking
-FOU HiT og samfunnet rundt
-Miljøteknologi, separasjonsteknologi, biometri
-Rekneskap/revisjon

5.7.3 Kunnskapspark

Det er ei målsetting med planarbeidet å auke talet på kompetansearbeidsplassar innanfor campus. Det er i dag ikkje ledige lokale for nye verksemder som ønskjer å etablere seg på campus. Det er difor ønskjeleg å bygge ein kunnskapspark innanfor campus. Siva har vore involvert i planarbeidet og har signalisert at dei er positive dersom det kjem opp interessante og økonomisk berekraftige prosjekt på Campus Bø. Siva definerer kunnskapsparkar slik: «*Forskings- og kunnskapsparker er nært tilknyttet de ledande universitets- og høyskolemiljøene i landet. Målet for disse parkane er å utvikle gode forretningsideer og forskningsbaserte resultater til næringsvirksomhet. Både gründere og etablerte kunnskapsmiljøer har gjensidig nytte av å være samlokalisert i kunnskapsparker og forskningsparker. I forskningsparkene tilbys det alltid inkubatoraktivitet. Forsknings- og kunnskapsparkene i Norge arbeider i et nasjonalt innovasjonsnettverk.*»

To lokaliseringar for eit nytt næringsbygg kan vere aktuelle: Parkeringsplassen framfor Bø hotell AS og eit påbygg til Hellandtunet (Telemark Kompetansebygg). Telemark Kompetansebygg har behov for meir plass, og har teikna skisser til påbygg. Bø hotell AS er i gang med å kartlegge finansiering og leigetakarar i prosjekt næringsbygg ved Bø hotell AS. Hotellet har og behov for å bygge ut fleire rom, og har vurdert ei tredje etasje på dagens hotell. Dette kunne nyttast som kontorlokale før eit nytt næringsbygg er på plass.

5.7.4 Møteplassar for næringsutvikling

Dette arbeidet har vist at det er nødvendig at aktørane som har deltatt held fram med å møtast minst eit par gonger i året for å sikre framdrift i tiltak som er beskrive og for å halde kvarandre gjensidig orientert om interne forhold som kan ha relevans for campus Bø. Det er også viktig å møtast for å understøtte næringsutviklinga i heile Midt Telemark.

NÆRINGSUTVIKLING KNYTT TIL HØGSKULEN

Mål: HiT Bø skal koplast tettare på næringslivet i Midt-Telemark og fylket, m.a. gjennom etablering av kunnskapspark på Campus Bø.

6 TILTAK

Tiltaka som ein har kome fram til i planarbeidet for Campus Bø knyter seg til hovudområda som er skildra i kapittel 3 om morgondagens campus. Understreking er nytta for å markere kven som har ansvar for å ta initiativ til gjennomføring av tiltak.

Gjennomføring av tiltaka er avhengig av finansiering hos den enkelte aktør.

6.1 BYPLANMESSIGE FORHOLD

Områdereguleringsplan

Det bør utarbeidast ein områdereguleringsplan for campus som legg til rette for fortetting med næringsbygg, studentbustader og andre funksjonar som bygger opp under HiT. Planen må legge til rette for snarveg for gåande og syklande frå Hellandtunet til Høgskulen/Gullbring. Mulegheitsstudien utarbeidd av Asplan Viak (sjå kap. 4).

Aktørane innanfor campus er samde om å vidareføre samarbeidet frå utviklingsplanen i utarbeiding av ein områdereguleringsplan. Planen finansierast gjennom eit spleiselag mellom alle aktørane.

Ansvar: Statsbygg/Bø kommune/Bø hotell AS/Gullbring/Telemark kompetansebygg/BKE

6.2 INFRASTRUKTUR OG MOBILITET

Auking av andelen gåande/syklande

Det bør etablerast eit eige delprosjekt med ein større satsing på tilrettelegging for gåande og syklande. Prosjektet bør ha høge ambisjonar og gjennom eit forstudie avklare muleg ekstern finansiering og deltaking. Aktuelle tiltak i prosjektet kan vere:

- ladestasjon for menneske langs Gullbringvegen om morgonen - Kaffivogn (elbil) med varme croissantar plassert i krysset ved Gullbring barnehage frå 7.30-8.30 som drivast av ein av kafeane i sentrum
- attraktive, overbygde sykkelparkeringar med vekt på utforming, lys
- subsidiering av elsyklar til studentar og tilsette innanfor campus
- bysykkelordning og liknande
- utbetre mindre flaskehalsar i gang-/sykkelnettet som ikkje krev reguleringsplan
- etablere tiltak som skaper aktivitet og trivsel langs gang-/sykkelrutene, i første omgang langs Gullbringvegen, m.a. sitteplassar.
- Innføre system for jamlege målingar av reisemiddelfordeling på Campus for å vurdere om måla er nådd.

Uavhengig av gjennomføring av eit eige delprosjekt, er det viktig at HiT held fram med og forsterkar «bilfri dag»-idéen og tiltak blant studentane som carpooling-system på Fronter.

Ansvar: Midt-Telemarkrådet, /HiT/SiTel/Bø hotell AS/Gullbring

Auke kollektivandelen

For å auke andelen studentar og tilsette som reiser kollektivt til campus, bør det gjennomførast attraktivitetstiltak for heile reisekjeda. Denne satsinga må skje gjennom eit eige delprosjekt. Gjennom forstudie avklarast finansiering og deltaking. Aktuelle tiltak i prosjektet:

- utarbeide mobilitetsplan for campus.
- betre tilrettelegging på haldeplassar langs kommunale vegar, fylkesvegar og riksvegar og på Bø stasjon
- arbeide for studentrabatt på Bø-bussen og profilere denne for studentar og tilsette.
- arbeide for auka frekvens på nasjonale og regionale buss- og togruter, særskilt auka frekvens og redusert reisetid på ruta Bø-Grenland.

Ansvar: Midt-Telemarkrådet/Telemark fylkeskommune/ROM Eigedom/HiT/SiTel

Parkering

Parkeringsplassar vil ved ei fortetting på campus bli ein minimumsfaktor dersom ein ikkje klarer å redusere bilandelen. Restriksjonar på parkering på campus er vanskeleg å innføre så lenge det ikkje er restriksjonar på parkering i Bø sentrum. Bø kommune bør difor vurdere innføring av parkeringsregulering i Bø sentrum. Bø kommune bør innføre max-krav til parkering i den nye områdereguleringsplanen.

Ansvar: Bø kommune

Aktørane innanfor Campus nytter i dag parkeringsplassane i stor grad til ulike tider. Gjennom avtalefesta sambruk av parkeringsplassar kan plassane utnyttast meir effektivt. Dersom det er behov for det, kan Jordskifteretten bidra i ein slik prosess.

Ansvar: Statsbygg/HiT/SITEL/Bø hotell AS/Gullbring

Interntrafikk

Det er ikkje aktuelt med gjennomkøyring gjennom HiT sitt parkeringsområde. Bø kommune må arbeide aktivt for å vurdere aktuelle trasear for å unngå at all trafikk frå Lundevegen/Breisås må køyre gjennom Stasjonsvegen og rundkøyringa.

Ansvar: Bø kommune

6.3 FYSISKE OG FUNKSJONELLE FORHOLD

Auke kapasiteten ved HiT Bø

Planlegge bygging av nytt auditorium med form som teleskopamfi med 150 plassar og vurdere korleis behovet for 10 nye kontorplassar for stipendiatar skal løysast. Vurdere behov for fleire seminarrom til rettleiing som følgje av auka nettundervisning.

Ansvar: Statsbygg/HiT

Sanering av hoppbakkar

Dei gamle hoppbakkane på Bøhaugen bør sanerast. Skarphedin IL er eigar og må ta ansvar for dette.
Ansvar: IL Skarphedin

Bygningstekniske tiltak

Ei rekke mindre tiltak for å utbetre klasserom og grupperom er skildra i rapport frå arbeidsgruppe 2 (ventilasjonstider, videostrøyming av undervisning, tilrettelegging av grupperom og klasserom til gjennomføring av digital eksamen).
Ansvar: Statsbygg/HiT

6.4 SOSIALE OG KULTURELLE FORHOLD

Studentbustader

Ein levande campus og redusert bruk av bil er avhengig av at fleire studentar bur og lever på campus enn det som er tilfelle i dag. SiTel ønskjer å etablere fleire studentbustadar på campus, anten på vestsida av Gullbringvegen eller i tilknyting til dagens studentheim aust for Gullbringvegen. Det kan vere aktuelt å inngå samarbeid med Bø hotell AS om bruk av studentbustadene om sumaren.
Ansvar: SITEL

Det er ønskjeleg å opne høgskulen meir for næringsliv og innbyggarane i Bø og legge til rette for at studentane blir integrerte i lokalsamfunnet. Tiltak som kan bidra til dette er å marknadsføre opne førelesningar og arrangere open dag på campus der lag og foreiningar kan presentere seg .
Ansvar: HiT

Kafé Studenten

Det er behov for å vidareutvikla Kafé Studenten ved m.a.:

- Vurdere om opningstidene må endrast for å tilpassast studentane sine behov
- Kontinuerlig vurdering av utvalet av mat og drikke
- Vurdere samarbeid mellom Kafé Studenten og Kroa for å oppnå ein meir levande campus på kvelds- og helgetid

Ansvar: SiTel/studentorg./HiT

Møblar

I rapporten frå arbeidsgruppe 1 er det peika på behov for at det på fleire stader inne på høgskulen er behov for møblar som legg til rette for sosiale møteplassar
Ansvar: HiT

Litteraturfestivalen Bøker i Bø

Bøker i Bø er ein ny litteraturfestival som etter avslutta treårig prosjekt i regi av Bø kommune, skal etablerast som ein eigen organisasjon frå andre halvår 2015. Prosjektet som har basert seg på eit tett samarbeid mellom m.a. HiT, næringsaktørar i sentrum og Bø kommune med økonomisk støtte frå Telemark fylkeskommune og Norsk kulturråd, har vore vellukka – og det er ønskje om ei vidareføring. Dette vil krevje at det etablerast eit lokalt og regionalt spleiselag på fast basis for å kunne utløyse midlar frå kulturrådet og andre.
Ansvar: Bø kommune / HiT

6.5 STUDENTAR/TILSETTE/STUDIETILBOD/FAG

Digital campus – utvikle felles plattformar og kanalar for kommunikasjon (Campus Bø-app). Muleg studentprosjekt i samarbeid med bedrifter, Kultur- og naturreise og høgskulen
Ansvar: HiT

Studentmelding
Utarbeide studentmelding frå Bø kommune i samarbeid med HiT og studentar. Målsettinga med arbeidet må vere å legge til rette for betre integrering av studentar under studietida og å få fleire studentar til å busette seg i regionen etter avslutta studium.
Ansvar: Bø kommune/HiT/SiTel/studentorganisasjonen.

6.6 NÆRINGSUTVIKLING KNYTT TIL HØGSKULEN

Koplingar næringslivet-HiT Bø
Arbeide for å avdekke flaskehalsar og etablere sterkare koplingar mellom næringslivet og høgskulen. Gjennomføre analyse av HiT sitt studietilbod og dei koplingar som er med næringslivet i dag. Er det eit potensiale der samarbeidet mellom HiT og næringslivet kan forsterkast? Ein forstudie gjennomførast som del av rullering av strategisk næringsplan for Midt-Telemark og By-regionprosjektet. Søknad om økonomiske støtte for By-regionprosjektet må sendast til Kommunal og moderniseringsdepartementet innan 15. mars 2015.
Ansvar: MTNU/HiT/MTR/Bø kommune

Kunnskapspark
I planarbeidet har det vore sterkt fokus på potensialet for utvikling av ein kunnskapspark på campus. I samarbeid med Siva bør arbeid med utvikling av kunnskapspark som del av campus vidareførast. Som del av dette arbeidet må ytterlegare kartlegging av mulegheitene for utvikling av klynger knytt til HiT og næringslivet gjennomførast:
- Kva har vi av næringsliv som kan utviklast til klynge i regionen?
- Kva slags kompetanse kan HiT bidra med inn i klynger?
Mulegheitsstudien som er gjennomført i planarbeidet syner at det er tilstrekkeleg med areal for utbygging av kunnskapspark på campus. Som del av tiltaket må etablering av eit nytt eigedomsselskap for næringsbygg vurderast. Vidare må følgjande gjennomførast:

- Inngå intensjonsavtale med aktuelle leigetakarar
- Inngå intensjonsavtaler med HiT om leige av kontorareal
- Innleie samarbeid med mulige aktørar om utbygging av næringsbygg

Ansvar: MTNU/HiT/Midt-Telemarkrådet/Bø hotell AS/Bø Kommunale Eigedomsselskap AS/Telemark kompetansebygg AS

Profilering
Profileringsprosjekt – alle aktørane innanfor campus i samarbeid om felles profil, skiltbruk og annan visuell profilering av studiestaden i Bø sentrum**.** Eige delprosjekt**.**
Ansvar: HiT/Statsbygg/Bø kommune/Gullbring Kulturanlegg AS

Temporær bruk av tomme lokale i sentrum for å skape merksemd og aktivitet.
Ansvar: MTNU/Sentrumsringen

7 UTRYKTE VEDLEGG

Vedlegg 1 Delrapport frå arbeidsgruppe ”Interngruppa”
Vedlegg 2 Delrapport frå arbeidsgruppe ”Næringsliv, offentleg forvaltningsmiljø og lokalmiljø”
Vedlegg 3 20216 Campusplanlegging – Mal for utviklingsplan
Vedlegg 4 Asplan Viak 2014. ”Visualisering Campus Bø”, rapport 15.8.14.
Vedlegg 5 Plan for Campus Bø. Forstudie. 2013
Vedlegg 6 Studentboliger Bø – skisseforslag 13.9.12

Bilde 1:
Campus Bø,
Høgskolen i Telemark
Foto: Ingvild Gjone Sildnes

Bilde 2:
Flyfoto Campus Bø
Foto: Bø kommune

Statsbygg
Byporten
Biskop Gunnerus' gate 6
Postboks 8106 Dep
0032 Oslo

Tlf: 815 55 045
Faks: 22 95 40 01

www.statsbygg.no